

ÅRSMELDING 2005





Visjon, verdier og strategiar

for ABM-utvikling

visjon:

arkiv, bibliotek og museum gir kunnskap og opplevingar til alle

ABM-utvikling byggjer verksemda på grunnverdiene:

- toleranse, ytringsfridom og demokrati
- kulturen sin eigenverdi
- rett til tilgang til informasjon
- kulturelt mangfald
- sosial inkludering
- universell utforming
- effektiv bruk av samfunnet sine ressursar

for å realisere visjonen arbeider ABM-utvikling etter hovudstrategiane:

- fokus på brukarane
- stimulere og initiere utvikling og omstilling i og på tvers av dei ein-skilde sektorane
- open dialog med fagmiljøa
- utvikle og styrkje samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum og andre institusjonar, organisasjonar og verksemder
- fremje kunnskap om arkiv, bibliotek og museum
- løfte fram gode føredøme
- vere pådrivar overfor offentlege styresmakter

sentrale satsingsområde for ABM-utvikling i perioden 2004-2006:

- fremje læring og formidling i arkiv, bibliotek og museum
- utvide nettbasert tilgang til kunnskap og kultur
- kartleggje og utvikle det regionale og lokale arkivlandskapet
- utvikle ny bibliotekpolitikk som avspeglar endringar i samfunnet m.o.t. teknologi, krav til kunnskap og kultur
- heve kvaliteten til musea gjennom museumsreforma
- synleggjere funksjonane og rollene til arkiv, bibliotek og museum i samfunnet

Dag Thorenfeldt

Alle bileta i årsmeldinga er tekne av Dag Thorenfeldt. Han har lokka fram ansiktsuttrykka til eit knippe tilsette i ABM-utvikling.

ABM-UTVIKLING
POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO

TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01

post@abm-utvikling.no
www.abm-utvikling.no

FOTO: Dag Thorenfeldt
TRYKK: PDC-Tangen AS
OPPLAG: 5000

ISSN 1503-5972
ISBN 82-8105-030-6

ABM-utvikling 2006

Verksemda i 2005

av styreleiar Lisbeth Tangen og direktør Jon Birger Østby

ABM-utvikling skal arbeide med utvikling av arkiv, bibliotek og museum samstundes som vi skal styrke det tverrsektorielle samarbeidet der dette er formålstenleg. Dei fleste førespurnadane og initiativa utanfrå handlar om dei sektorvise utfordringane. For å få opp nye samarbeidsprosjekt på tvers lyste vi difor ut to nye treårige prosjektsatsingar for 2005:

- eit program for utvikling av regionalt abm-samarbeid
- eit program for samarbeid med skoleverket om utvikling av digitale læringsressursar

Sogn og Fjordane fekk midlar til utvikling og regional samordning av digitale abm-ressursar, og ei gruppe leia av Troms fylkesbibliotek fekk midlar til utvikling av digitale læringsressursar om polarområda.

Norsk digitalt bibliotek (NDB)

NDB skal bidra til betre tilgang og samordning av dei digitale kunnskapsressursane i arkiv, bibliotek og museum. Så langt har vi ikkje lukkast med å få eigne midlar til denne satsinga,

og arbeidet har hatt hovudfokus mot tilgjengeleggjering av bibliotekressursar. Vi prøver no å inkludere dei andre sektorane.

Det er eit mål at NDB både skal bidra til å sikre ein digital kunnskapsallmenning som er fri for alle og bidra til at elevar, studantar, lærarar og forskarar får best mogleg tilgang til internasjonale kunnskapsressursar.

Arkivkartlegginga

På arkivfeltet er kartlegginga av lokal- og privatarkiv den største satsinga. Med arkivkartlegginga vil ABM-utvikling få fram viktig basiskunnskap for vidare utvikling og planlegging av bevaring og formidling av arkiv. Etter at kartlegginga er avslutta i 2006 vonar vi å kunne gå vidare med ei større arkivutgreiing.

Bibliotekutgreiinga

På bibliotekfeltet er bibliotekutgreiinga ei tung og ressurskrevjande oppgåve. Utgreiinga er på oppdrag frå Kultur- og kyrkje-departementet og Kunnskapsdepartementet. Dette arbeidet

skal òg vere avslutta i 2006 og skal danne grunnlaget for den framtidige bibliotekpolitikken.

Museumsreforma

Som eit resultat av museumsreforma byrjar no det nye museumslandskapet å finne si form i dei fleste fylka. Tal på einingar som får driftstilskot over Kulturdepartementets budsjett er redusert frå over 300 til omlag 100. Samstundes har konsolideringa òg fanga opp mange mindre museum som tidlegare låg utanfor denne ordinga. Målet med reforma er å heve kvaliteten på arbeidet i institusjonane, og vi styrker no arbeidet med å utvikle dei nasjonale nettverka.

Vegen framover

Etter tre år er ABM-utvikling stadig ein ung institusjon. Vi skal møte både dei sektorvise og dei tverrsektorielle utfordringane, og vi har stadig utfordringar både i å samordne og utvikle institusjonen for å handtere desse oppgåvene. Flyttinga av kontor både i 2004 og 2005 har teke store res-



sursar. Sommaren 2005 kom vi på plass i nye, permanente lokale i Halvbroen. Omlag halvparten av arbeidsplassane ligg i opne løysingar, og lokala inviterer både til samarbeid og betre kontakt mellom dei tilsette. No kan vi leggje arbeidet med flyttingane bak oss og konsentrere meir av verksemda om våre primære oppgåver.

I desember 2005 ga Stortingets Familie- og kulturkomité frå seg

si innstilling til budsjettforslaget for 2006. Her står det:

”Komiteen registrerer med tilfredshet at Statens senter for arkiv, bibliotek og museum til tross for den korte tiden som har gått siden opprettelsen, allerede har klart å markere seg som et viktig strategisk redskap i arbeidet med å virkeliggjøre ABM-reformen i Norge. Komiteen viser til sine tidligere merknader i forbin-

delse med inneværende års statsbudsjett og i innstillingen til Kulturmeldingen, hvor det ble pekt på nødvendigheten av at det stilles ressurser til rådighet for at ABM-utvikling kan drive både strategisk utredningsarbeid og praktisk utviklingsarbeid parallelt”

Dette er signal som både gir energi til vidare innsats og optimisme for framtida!





ABM-utvikling i tal

I 2005 hadde ABM-utvikling eit budsjett til drift, prosjekt- og utviklingstiltak på 77,9 millionar kroner. I tillegg forvalta ABM-utvikling faste tilskotsordningar på til saman 81 millionar, spelemidlar for 8,9 millionar og 24,2 millionar i samband med oppdragsverksemd (Nordbok-sekretariat og konsortieavtalar).

Budsjett til drift, prosjekt- og utviklingstiltak

Prosjekttiltak	28,4 mill. kr
Løn	29,9 mill. kr
Lokale	3,9 mill. kr
Reiser og konferansar	3,6 mill. kr
Konsulenttenester	2,4 mill. kr
IT-utstyr, inventar	2,0 mill. kr
Trykkekostnader	1,4 mill. kr
Sekretariat for Den kulturelle skolesekken	1,2 mill. kr
Tenester Bok og Bibliotek	1,0 mill. kr
Porto	0,5 mill. kr
Telefon	0,3 mill. kr
Kunngjeringar	0,2 mill. kr
Andre kostnader	3,2 mill. kr
Faste tilskotsordningar	81,0 mill. kr
Spelemidlar seglskutene	8,9 mill. kr
Oppdragsverksemd:	
Nordbok-sekretariatet	7,6 mill. kr
Konsortieavtalar	16,6 mill. kr
Sum	192,1 mill. kr

Prosjektmidlar for 2005:

Prosjekt for heile abm-sektoren	12,7 mill. kr
Fellesprosj. for arkiv og museum	0,2 mill. kr
Prosjekt for arkivsektoren	2,3 mill. kr
Prosjekt for bok- og biblioteksektoren	7,4 mill. kr
Prosjekt for museumssektoren	2,7 mill. kr
Prosjekt Kulturnett.no	3,1 mill. kr

Tilsette i ABM-utvikling

Ved utgangen av 2005 hadde ABM-utvikling 70 tilsette. Av desse var 65 faste og 5 mellombels tilsette.

Nytt lokale

I juli 2005 flytta ABM-utvikling frå dei mellombelse lokala i Apotekergata 8 til nye lokale i 3. og 4. etasje i Halvbroren på Solli plass. Den nye gateadressa er Observatorietegata 1b.

Løyvingar til prosjekt i 2005

Biblioteksvar

Biblioteksvar er ei digital referanseteneste der ein kan kome i kontakt med ein bibliotekar gjennom chat, SMS eller E-post/Inter-nettskjema. Biblioteksvar er ei samanslåing av dei to tidlegare tenestene Bibliotekvakten.no og Spør Biblioteket. Bergen Offentlige bibliotek, Stavanger bibliotek og Deichmanske bibliotek gjev svar på e-post, mens alle biblioteka som er med i Biblioteksvar svarar på chat. Ambisjonen med prosjektet er å bygge opp og drive ei nasjonal digital referanseteneste. Prosjektet fekk 1,6 millionar i 2005 og 1,8 millionar i 2006 i støtte frå ABM-utvikling.

www.biblioteksvar.no

Utviklingsprosjekt:

Søkjjar	Prosjekt	Tildelt i kr
ABM-rådet v/Larvik Museum	Europavei 18	75 000
Aust-Agder kulturhistoriske senter	Eydehavn-portalen	650 000
Bergen Skolemuseum	Skolehjemmene	110 000
Bergverksnettverket (Norsk Bergverksmuseum)	Metallurgiske prosesser og nomenklatur ved eldre bergverk	50 000
Bryggens Museum	Children, Identities and the Past	30 000
De Heibergske samlinger	Informasjonsbase for nasjonalt nettverk for kulturlandskap	315 000
Deichmanske bibliotek	Reaktor, nasjonal utprøving	150 000
Deichmanske bibliotek m. fl.	Biblioteksvar, sammenslåing av Bibliotekvakten og Spør biblioteket	1 625 000
Deichmanske, avd. Oslo fengsel, m.fl.	Fengselsbiblioteket – en kilde til økt livskvalitet. Flerårig prosjekt	200 000
Drammen bibliotek	Sambibliotek Drammen. Flerårig samarb.prosjekt	380 000
Døves Media	Blodig alvor	218 000
Døves Media	Emma-bøker	70 000
Falstadsenteret	Den marginaliserte krigshistorien - utenlandske krigsfanger i tysk fangenskap i Norge 1941-45 og norsk erindringstradisjon.	500 000
Fylkesarkivet for Vestfold	Arkivpedagog for Vestfold	130 000
Helgeland museum	Samspill mellom natur og kultur	95 000
Høgskolen i Bergen	Lesehulen på tegnspråk (Lesehulen for tilgang for døve barn)	100 000
Håndverksnettverket (Maihaugen)	Prosessuell autentisk restaurering	60 000
IKA Kongsberg	Etablering av nettverk for ledere av interkommunale arkiv	100 000
IKA Kongsberg	IKA-utviklingsprosjekt –Utvikle kompetanse på formidling	90 000
IKA Møre og Romsdal	Oppstartsprosjekt for permanent privatarkivtjeneste for Møre og Romsdal	95 000
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Samarbeid med museumssektoren i Rogaland om papirkonservering	50 000
Interkommunalt arkiv i Vest-Agder IKS	Kartlegging av kompetansebehov ved arkivdepoter	70 000
Kulturhistorisk museum UiO	Ære og Skam	200 000
Kulturlandskapsnettverket (Høgskolen i Sogn og Fjordane)	Kulturlandskap på museum	225 000
Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP	OpenARMS 1.0 – Archives Resource Management System	400 000



Ut av tagnaden

ABM-utvikling har gjeve Nordsjøfartsmuseet 50.000 kr. i støtte til dokumentasjonsprosjektet "Telavågtragedien – ut av tagnaden". Her blir ei historie som til no har vore lite påakta dokumentert. Kor mange av dei som hørde heime i Telavåg slapp unna arrestasjonane under 2. verdenskrig? Kven var dei og kva var årsaka til at dei slapp unna? Prosjektet har avdekka at fleire enn 60 personar unngjekk arrestasjon, og i prosjektet er 12 av dei som ikkje vart arresterte intervju.

Museet er med i ABM-utviklings BRUDD-prosjekt, og dei meiner at resultatane frå prosjektet seier noko allmenmenneskeleg om korleis vi reagerer når ein katastrofe rammar, anten vi bur i Telavåg, Mostar eller Rwanda.

www.museumsnett.no/nordsjofartsmuseet

Søklar	Prosjekt	Tildelt i kr
Møller kompetansesenter	Julekalender 2005	100 000
Møller kompetansesenter	Kvinnen i norsk døvehistorie	130 000
Nasjonalbiblioteket og Norsk museum for fotografi, Preus Fotomuseum	Overføring av fotoregistra	500 000
Nettverk for magasin og bevaring (Sverresborg)	Aktiviteter i regi av "Nettverk for magasin og bevaring"	60 000
Nettverk for teknologi og industrihistorie (Norsk Teknisk Museum)	Avindustrialiseringen på Østlandet	300 000
Nordland fylkesbibliotek	Skrivebua på samisk. Videreføring av skrivebua, et 3-årig lese- og skriveprosjekt for barn og unge som nå kommer på samisk	187 000
Nordland fylkeskommune	I skyggen av unionsoppløsningen	125 000
Nord-Trøndelag fylkesbibliotek	Kompetanse og formidling på tvers. Utvikling i et ABM perspektiv, flerårig prosjekt	200 000
Nord-Trøndelag fylkesbibliotek	Namdalsbibliotekene – samarbeid for bedre kvalitet og tilgjengelighet. Flerårig, interkommunalt samarbeidsprosjekt	550 000
Norges Museumsforbund	Kurs i bevaring av større maskiner og annet teknisk utstyr	18 400
Norges museumsforbund	Utstillinger – fra ide til utstillingsplan	85 000
Norsk institutt for luftforskning	Ny strategi for forebyggende konservering av organisk materiale i museer, historiske bygninger og arkiver	350 000
Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	ABM i partnerskap – treårig prosjekt (1. ordinære år)	400 000
Oppland Fylkesbibliotek	Det sømløse bibliotek, region Oppland, flerårig	1 000 000
Oslo Byarkiv	Oslos multikulturelle arkiver	400 000
Perspektivet	Russiske sjøfolk i dagens Tromsø	175 000
Rogaland fylkesbibliotek	Lesing + boka = sant, Nordisk konferanse om barne- og ungdomslitteratur	200 000
Rycon	Naiv. Super	85 000
Ryfylkemuseet	Islam i bedehuset	189 000
Ryfylkemuseet, byggnettverket	Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet	587 500
Stiftelsen Asta	Utvikling av nye Asta	1 365 000
Surnadal folkebibliotek	Prøveprosjekt om interkommunalt bibliotek-samarbeid mellom Rindal og Surnadal kommune	350 000
Svalbard Museum	Utvikling og samarbeid på tvers av forvaltningsgrenser på Svalbard	200 000
Telemark Museum	Sentrale romani-verdier	30 000
Telemark Museum	Forprosjekt: Quisling 2006	60 000
Tromsø Museum	Forprosjekt til: Kulturlandskapet etter tre stammers møte i Varanger	95 000

Kulturnettprosjekt:

Søklar	Prosjekt	Tildelt i kr
Aust Agder bibliotek og kulturformidling	Kulturnett Aust-Agder	280 000
Hedmark fylke	Lokalhistorisk Hedmarksnett, Kulturnett Hedemark	100 000
Hordaland fylkesbibliotek	Eldreveven på Kulturnett Hordaland	70 000
Kistefosmuseet	Digital guide Kistefos	250 000
Kulturnett Trøndelag	Fra informasjonsflom til meningsfylt innhold	150 000
Kulturnett Østfold	Nytt design og brukergrensesnitt	50 000
Kunsternes Informasjonskontor	Kunstnerarkiv på Internett	150 000
Mette Newth	Virvel	200 000
Nynorsk Kultursentrum	Nynorsk kulturkatalog	75 000
Sør-Trøndelag fylkesbibliotek	Verdensarven Røros	200 000
Troms fylkeskommune	Kulturnett Finnmark – revidering Kulturnett Troms	250 000
Universitetet i Oslo	Henrik Ibsens skrifter på nett	800 000
Universitetsbiblioteket i Trondheim	Trondheimsbilder	300 000
Vestfold fylkeskommune	Kulturnett Vestfold	170 000

Film og videoprojekt:

Søklar	Prosjekt	Tildelt i kr
De samiske samlinger, Karasjok	Østsamiske tidsbilder i det nye tusenåret	200 000
Gjøvik historiske samlinger	Gjøvik gård og etablering av Gjøvik Glasværk	150 000
Midt-Troms museum	Grafittproduksjon Skaland Grafitverk	200 000
Nordfjord folkemuseum	Kolmile – frå ved til kol	100 000
Norsk Telemuseum	Karasjok telefonsentral – Norges siste manuelle	120 000

Henrik Ibsens skrifter i elektronisk utgåve

Utgjeving av Henrik Ibsens skrifter er det største prosjektet innanfor dette området i Noreg til no. Arbeidet vart starta i 1998 og vil vare i ti år. Alle Ibsens tekstar skal gjevast ut etter nøye gransking av tidlegare utgåver og av manuskript. Heile Ibsens tekstproduksjon, frå hans fyrste ord på papiret til og med siste trykte utgåve før 1906, skal dokumenterast. Bokutgåva er på 15 tekstband og like mange kommentarband, samt eit registerband. ABM-utvikling ved Kulturnett.no. har støtta elektronisk publisering med 800.000 kr. i 2005 og 500.000 i 2006.

Eydehavn-portalen

Prosjektet "Eydehavn-portalen: industrihistorie gjennom 100 år" skal gje tilgang til informasjon basert på ulike kjeldetypar for å formidle historia om industristaden Eydehavn. Nettstaden er eit eksempel på korleis ein med hjelp av datateknologi kan setje saman kunnskap frå ulike kjelder, og korleis ein kan formidle kunnskap på ulike nivå til ulike brukargrupper. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Aust-Agder-Arkivet, Aust-Agder-Museet, Aust-Agder museumstjeneste, Eydehavn Museet og Høgskolen i Agder, og prosjektet fekk 650.000 i 2005 og 450.000 i 2004.

www.aa-arkivet.no/Eydehavn/eydenhavnprosjekt.htm





Konferansar i regi av ABM-utvikling

Museene i den kulturelle skolesekken. Tre konferansar arrangerte i samarbeid med Noregs museumsforbund. Tromsø 24. januar, Oslo 31. januar, Stavanger 1. februar.

Norge og det globale informasjonssamfunnet: Hvordan fremme ytringsfrihet og informasjon? Arrangert i samarbeid med Den norske UNESCO-kommisjonen og Utanriksdepartementet. Oslo 7. februar.

Ut av skattkammeret – arkiver for alle. Arkiv i et formidlingsperspektiv. Arrangert i samarbeid med LLP. Oslo 7. – 8. februar.

Museer og videregående opplæring. Gardermoen 28. februar – 1. mars.

Landskonferanse for fotobevaring. Arrangert i samarbeid med Statsarkivet i Stavanger 14. – 15. april.

Museumsreformen – en krevende omstilling! Seminar på Gardermoen 18. – 19. april og 25. – 26. april.

Seminar om konsortieavtaler. Oslo 20. april.

Bibliotek i det litterære landskapet – ein del av Norsk litteraturfestival 2005. Arrangert i samarbeid med Oppland fylkesbibliotek. Lillehammer 25 – 26. mai.

Public libraries – from public education to what? Satellitte meeting to WLIC 2005. Arrangert i samarbeid med IFLA 2005 og Fylkesbibliotek i Rogaland. Oslo 9. – 11. august.

Kultur på nett 2005 – digitale ressursar til læring og opplevingar. Arrangert av Kulturnett Trøndelag og kulturnett.no. Trondheim 8. september.

Stedsans. Stedet. Opplevelsen. Formidlingen. Arrangert i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt og Høgskolen i Oslo. Oslo 22. – 23. september.

Fortiden i en digital tid. Konferanse om digitalisering i arkiv, bibliotek og museum. Oslo 10. oktober.

Portalmøte. Samarbeid om emneportalar sett i relasjon til utdanningssektoren. Oslo 21. oktober

Alle har rett. Konferanse om nasjonale minoritetar og vanskelege historier. Oslo 3. – 4. november.

Det fysiske bibliotek: Arkitektur for ei ny tid. Oslo 7. – 8. november.

Svartedauden på mobil? Arbeidsseminar om formidling av kulturarv gjennom mobile teknologiar. Arrangert i samarbeid med Nidaros Domkirkes restaureringsarbeider og Nordic Handscape Noreg. Trondheim 14. – 15. november

Kurs i fotobevaring for arkiv. Oslo 21. – 22. november.

Inspirasjonsseminar om universell utforming Fem seminar rundt om i landet i november for å auke kunnskapen om utforming av tenester og bygninger.

Hovudsatsingar i 2005



Kulturnett

Kulturnett.no lanserte i 2005 ein ny versjon av nettstaden, med ei rekke justeringar og betringar av både tenestene og datagrunnlaget. Fokus har vore på dei regionale netta, og i løpet av hausten vart fem regionale nett lansert, alle med tenester laga av kulturnett.no og med felles datagrunnlag i botn. Kunstnaranes informasjonskontor (KiK) lanserte si søkbare oversikt over nærare 3000 kunstnarar og deira verk, ei teneste som heilt ut er laga av kulturnett.no. I tillegg vart alle ABM-institusjonar kontakta med tanke på å bidra med ny informasjon i kulturnettet, og ei rekke nye avtalar om samarbeid er gjort med faglege partnarar, både kulturorganisasjonar og kommersielle aktørar.
www.kulturnett.no

Arkivkartlegginga

Gjennom arkivkartlegginga ønskjer ABM-utvikling å få oversikt over det norske arkivlandskapet. Arbeidet går i hovudsak ut på å kartlegge bevarings- og for-

midlingssituasjonen for lokalt og regionalt arkivmateriale og samlingar. I løpet av 2005 kom dei resterande fylka i gang med kartlegginga og alle, så nær som fire fylke, slutførte arbeidet. Det har i tillegg blitt henta inn privatarkivdata til kartleggingsbasen frå statsarkiva og Riksarkivet, og arbeidet med å utvikle rapporter frå kartleggingsdatabasen har starta. Alle fylka skal bli ferdige i 2006.

Museumsreforma

I 2005 gjekk museumsreforma inn i sitt fjerde år. På tross av mindre stimuleringsmidlar enn forventa har reforma halde fram med stor dynamikk og intensitet. Eit museumslandskap med større fagmiljø blir stadig tydelegare. Desse vil truleg i aukande grad utvikle fagleg samarbeid og samordning, og 13 museum koordinerer no ansvaret for til saman 15 nasjonale museumsnettverk. ABM-utvikling vidareførte det nære samarbeidet med fylkeskommunane, med separate møte og skriftlege innspel frå alle,

samt møte med musea og ei stor mengd kommunar.

www.abm-utvikling.no/prosjekter/Interne/Museum/museumsreform

Bibliotekutgreiinga

Våren 2005 gjennomførte ABM-utvikling ein scenarieprosess i arbeidet med bibliotekutgreiinga. Målet var å utvikle gode framtidbilette og strategiar som kan brukast i utforminga av strategidokumentet som skal leverast Kultur- og kyrkjedepartementet 2006. Rapporten frå scenarieprosessens er publisert som Bibliotekene i 2020 i ABM-skrift. Det same er delutgreiinga Bibliotekene og det flerkulturelle Norge av Robert Vaagan.

www.abm-utvikling.no/prosjekter/Interne/Bibliotek/bibliotekutredningen

Norsk digitalt bibliotek

Programmet Norsk digitalt bibliotek (NDB) skal gje alle enkel tilgang til informasjon og kunnskap. Aktivitetsnivået har vore høgt også i 2005 og følgjande

prosjekt kan trekkjast fram: **Felles lånekort** (www.lanekortet.no) vart lansert i oktober 2005 og har i dag 19 800 lånarar fordelt på 268 institusjonar. **Biblioteksvar** (www.biblioteksvar.no) er eit samarbeidsprosjekt med 39 deltakande bibliotek frå folke- og fagbiblioteksektoren (sjå omtale på side 8). **Norsk arkitekturportal** vart starta i 2004 og har som mål å formidle kunnskap om arkitekturfaglege kjelder og danne grunnlag for det arkitekturfaglige innhaldet i NDB. **NORA** – Norwegian Open Research Archive (www.ub.uio.no/nora). Hovudmålet med dette prosjektet er å fremje ei meir samordna og kraftig utvikling av opne institusjonelle arkiv i Noreg. www.norskdigitalbibliotek.no





Publisert



I serien ABM-skrift har det kome 11 publikasjonar i 2005. Dei finst i både trykt og elektronisk versjon.

www.abm-utvikling.no/publisert/ABM-skrift

ABM-skrift #12: Mellom undringshjem og kamparenaer – museer og den flerkulturelle virkeligheten

Hans Philip Einarsen, IKM, prøver å fange noko av kvardagen både musea og innvandrarane er ein del av. Skriftet gjev ikkje klare svar, men er eit forsøk på å syne kor samansett og nyansert feltet er.

ABM-skrift #13: ABM-institusjonene i Norden. Kompetanseoppbygging for et multikulturelt normalsamfunn

Denne rapporten presenterer resultatet av prosjektet «Kompetenceudvikling for medarbejdere i kulturinstitutioner – omstilling til et multikulturelt samfund». Prosjektet vart initiert av Nordbok og rapporten er redigert av Per Bjørn Rekdal.

ABM-skrift #14: Biblioteket – det normale rommet i fengselet

Denne rapporten presenterer bakgrunnsinformasjon, statistikk og artiklar som syner kor viktig biblioteka er i norske fengsel. I tillegg finn du dikt, fotografi og artiklar med og av innsette.

ABM-skrift #15: Konsolidering av museer – råd og vink

Terje Haugli Nilsen har skrivet ein rapport som gjev råd til museum som gjennomfører samanslåingar. Publikasjonen kan og vere til nytte for museum som ønskjer å gjennomføre andre former for endringsprosessar.

ABM-skrift #16: Kommunesammenslåing og arkivspørsmål

Denne rapporten summerer opp røynsler med handsaming av arkiv ved kommunesammenslåingar, og gjev råd om korleis kommunane kan sikre arkiva når mange no går inn i slike prosessar.

ABM-skrift #17: Norsk-engelsk ordliste med bibliotektermer

Ordlista består av eit utval bibliotekrelaterte ord og omgrep til hjelp for bibliotek som skal lage presentasjonar på engelsk.

ABM-skrift #18: Folkebiblioteket som offentlig møteplass i en digital tid

Skriftet fokuserer på folkebiblioteket som offentlig møteplass, og korleis denne møteplassen skal utviklast som ein kultur- og kunnskapsallmenning. Publikasjonen byggjer på hovudoppgåva til sivilbibliotekar Hilde Kristin Ljødal.

Bladet ABM

Bladet skal informere om tiltak innanfor heile abm-feltet, og om prosjekt som ABM-utvikling støttar eller deltek i. Målgruppa er avgjerdstakarar innanfor stat, fylkeskommunar og kommunar og tilsette i sektoren. ABM kom ut med to nummer i 2005 med høvesvis kultur og verdiskaping og teknologi som tema.

Nytt frå ABM-utvikling

Med jamne mellomrom gjev ABM-utvikling ut eit elektronisk brev som informerer om nyhende, nye publikasjonar og komande konferansar.

www.abm-utvikling.no/publisert/Nytt

Bok og bibliotek

ABM-utvikling gjev ut Bok og bibliotek. Bladet er redaksjonelt uavhengig og medlem av Fagpressen. Bok og bibliotek kjem ut 7 gonger i året.

www.bokogbibliotek.no

ABM-skrift #19: Min stemme – vår historie. Dokumentasjon av nyere norsk innvandring
Dette er ei praktisk handbok i dokumentasjon av nyere innvandring til Noreg. Den inneheld konkrete råd om planlegging, dokumentasjonsprosessar, fotobevaring, arkivering og formidling.

ABM-skrift #20: Bibliotekene i 2020. Rapport fra en scenariobasert strategiprosess

I samband med arbeidet med bibliotekutgreiinga vart det gjennomført ein scenarieprosess med scenarielæring som metode, kan bidra til nytenking om dei framtidige utfordringane som biblioteka står over.

ABM-skrift #21: Nye muligheter i nye landskap. Arkivorganisering i Nederland og Sverige.

Skriftet tek føre seg organisering av arkivlandskapet i Nederland og Sverige kor nye organisasjonsmodellar har skapt ei rekke særleg bærekraftige arkivinstitusjonar. Rapporten gjev innblikk i ulike løysingar for organisering, styring, samarbeid og partnerskap.

ABM-skrift #22: Bibliotekene og det flerkulturelle Norge

Denne publikasjonen gjev ei grundig analyse av biblioteka sine roller og oppgåver i eit stadig meir fleirkulturelt samfunn. Utgreiinga er skriven av førsteamanuensis Robert Vaagan, og er ein del av Bibliotekutgreiinga.

ABM-skrift #23: Statistikk for bibliotek og museum

Statistikken for 2004 omfattar statistikk frå folke- og skolebibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum.





Institusjonar

Folkebibliotek	865 faste bibliotekavdelingar
Fag- og forskingsbibliotek	315 einingar
Museum	omlag 500 museum

Besøk

Folkebibliotek	23,1 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	7,2 millionar
Museum	8,9 millionar

Tal på utstillingar

Museum	2 882
--------	-------

Storleik på samlingane

Folkebibliotek (total bestand)	22 millionar
Fag- og forskingsbibliotek (total bestand)	45,1 millionar
Museum (tal på gjenstandar og fotografi)	33 millionar

Løna årsverk

Folkebibliotek	1 814
Fag- og forskingsbibliotek	1 556
Museum	3 479

Lønsutgifter

Folkebibliotek	678 mill. kr
Fag- og forskingsbibliotek	531 mill. kr
Museum	1 077 mill. kr

Innkjøp til samlingane

Folkebibliotek	135 mill. kr
Fag- og forskingsbibliotek	276 mill. kr

Utlån

Folkebibliotek	25,3 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	4,2 millionar

ABM-utvikling samlar inn, analyserer og publiserer årleg statistikk for alle typar bibliotek og museum. Frå og med 2006 vil statistikkpublikasjonen og omfatte arkivsektoren.

Nærare 4 800 institusjonar sendte inn statistikk skjema til ABM-utvikling i 2005. Desse har rapportert for om lag 5 300 einingar eller sørvisstadar. Data frå folke- og skulebibliotek vart handsama internt i ABM-utvikling, medan data frå fag- og forskingsbibliotek og museum vart handsama av Statistisk sentralbyrå (www.ssb.no). Samla sett gir statistikken eit interessant bilete av ressursar og aktivitetar i landets bibliotek og museum, sjølv om delar av han har nokre veikskapar på grunn av mangelfull rapportering. Gjennom arkivkartlegginga er det registrert om lag 800 bevaringsinstitusjonar for arkiv. Statistikk for arkivsektoren vil forsøksvis bli samla inn frå og med 2006.

Bibliotek- og museumslandskapet er stort og variert, og spenner frå små bibliotek og mu-

Abm-sektoren i tal

seum med kan hende berre ein tilsett, til store institusjonar med fleire hundre tilsette. Nokre tal frå statistikken for 2004 kan likevel gje eit inntrykk av ressursane og aktiviteten på museums- og bibliotekområdet. I institusjonane som statistikken omfattar, blei det utført omlag 7 050 løna årsverk, inkludert fylkesbibliotek, skulebibliotek, fengselsbibliotek med meir. Biblioteka og musea, med unntak av skulebiblioteka, hadde brutto driftsutgifter på om lag 4,5 milliardar kroner. 2,4 milliardar av dette gjekk til løn. Over 39 millionar besøk i desse institusjonane syner at tenestene vart mykje brukt. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at 54 prosent av innbyggjarane hadde vitja eit folkebibliotek i løpet av året. Tilsvarende tal for museum var 43 prosent og for fag- og forskingsbibliotek 11 prosent. Ein skal vere merksam på at desse tala ikkje fangar opp besøka på institusjonane sine heimesider og bruken av dei mange tenestene som er tilgjengelege der.

Ei av bibliotekas viktigaste



tenester er utlån. Når skulebiblioteka ikkje blir rekna med, vart det utført over 30 millionar utlån i 2004. For museum og folkebibliotek står tilbodet til barn og unge sentralt. Både institusjonstypene samarbeider med skolar, og museumsstatistikken syner at omlag 870 000 born og unge deltok i organisert undervisning i musea. Av dette var om lag 275 000 med på aktivitetar i samband med Den kulturelle skulesekken.

Barna er på utlånstoppen i folkebiblioteka. I 2004 vart det lånt ut 8,7 barnebøker per barn. Vi må tilbake til 1995 før vi finn eit år med høgare barnebokutlån. Tal frå SSB syner at 77 prosent av alle barn i alderen ni til og med 15 år var på folkebiblioteket i løpet av dei siste 12 månadene mot 54 prosent for innbyggjarane samla.

Ved fag- og forskingsbiblioteka har tilgangen til informasjon vore enklare gjennom digitalisering av store mengder materiale og stadig større samlingar elektroniske medium. Til dømes hadde desse biblioteka meir enn 155 000 elektroniske tidsskriftabonnement og om lag 11,7 millionar digitale dokument.

Statistikken for bibliotek og museum 2004 er publisert i ABM-skrift #23.



Nokre arbeidsoppgåver i 2005



Pop- og rockmuseum

I St.meld. nr. 48 2002-2003 Kulturpolitikk fram mot 2014 (*Kulturmeldinga*) vart det foreslått å opprette eit arkiv for populærmusikk og lokalisere dette saman med Norsk Jazzarkiv, Norsk Visearkiv og Nasjonalbiblioteket. Under Stortingets handsaming av meldinga vart det diskusjon kring kor i landet arkivet skulle ligge. Fleirtalet i Stortinget vedtok difor at alle aktuelle kandidatar måtte få høve til å fremje si sak. Hausten 2004 vart ABM-utvikling beden om å greie ut etableringa av eit dokumentasjonssenter for populærmusikk, og på sikt eit museum/opplevingscenter for norsk pop- og rockhistorie. Ingen av de dei åtte innkomne forslaga var direkte samanliknbare og ABM-utvikling konkluderte med at det ville vere mest tenleg med ei *delt* løysing, der eit arkiv/dokumentasjonssenter vart lokalisert saman med Nasjonalbiblioteket og eit museum/opplevingscenter vart integrert i Ringve Museum, det såkalla Trøndelagsalternativet.

The World Library and Information Congress, IFLA Oslo 2005

Bibliotekkonferansen IFLA var den største konferansen i Noreg i 2005 med nesten 4000 deltakarar frå 133 land. ABM-utvikling deltok aktivt i planlegginga av konferansen gjennom representasjon i den nasjonale arrangements-

komiteen, og stilte med mange frivillige under sjølve arrangementet. www.ifla2005oslo.no

Internasjonalt samarbeid

ABM-utvikling er involvert i internasjonalt samarbeid på mange ulike område. Her er nokre frå 2005:

- **CALIMERA** (Cultural Applications: Local Institutions Mediating Electronic Resource Access) er eit EU-prosjekt som vart avslutta i juni 2005. Målet for prosjektet var å bruke innovativ teknologi til nyttige tenester for vanlege innbyggjarar og til å formidle kunnskap og opplevingar innan kulturområdet. ABM-utvikling deltok aktivt saman med ei norsk referansegruppe med representantar frå fleire abm-institusjonar.

www.calimera.org

- **Østersjøsamarbeidet** vart etablert i 1997 etter initiativ av kulturministrane i landa rundt Austersjøen for å fremje, utvikle og sikre vår felles kulturarv i denne regionen.
- **Minerva** er eit nettverk av EU-landas ministerium, med oppgåve å fremje digitalisering innan kulturområdet og lage tilrådingar om digitalisering, metadata og lagring. Ein representant frå kvart land utgjer NRG (National Representatives Group). ABM-utvikling representerer Noreg med status som observatør.

www.minervaeurope.org

Leiarutviklingsprogram

Våren 2005 sluttførte 24 kandidatar ABM-utviklings leiarutviklingsprogram som går over to semester. Målet med desse kursa er å bidra til ansvarsfulle, resultatlystne og endringsdyktige leiarar innan arkiv-, bibliotek- og museumssektoren. Ein tek utgangspunkt i situasjonen og erfaringane til den einskilde leiaren og sikter mot betre forståing for leiarens rolle og oppgåver, betre innsikt i eigen leing og hjelp til betre utnytting av eigne ressursar. I tillegg er nettverksbygging eit viktig element der leiarar frå små og store abm-institusjonar møter kvarandre. Nytt program blir planlagt hausten 2006.

Studie i museumsformidling

Høgskolen i Oslo og ABM-utvikling arbeider saman om eit studie i museumsformidling. Studiet er på 60 studiepoeng og starta hausten 2004 med 35 studentar. Våren 2006 tek dei avsluttande eksamen. Studiet er lagt opp med samlingar på ei veke av gongen og studentane er museumstilsette og andre frå heile landet. Opptak til nytt kurs blir annonsert våren 2006.

Utdanninga er delt i tre modular:

- Museum og samfunn (30 vektal)
- Utstilling, utforming og utvikling (15 studiepoeng)
- Museumsformidling for barn og unge (15 studiepoeng)

Studiet blir gjennomført i regi av avdeling for journalistikk, bibliotek og informasjon. Dei har no både bibliotek, museums og arkivutdanning.

www.hio.no/enheter/jbi/for_studenter/museumsformidling

Vitensenter

Eit vitensenter er eit populærvitskapeleg opplevings- og læringsssenter for teknologi, naturvitskap og matematikk. Det finst 6 regionale vitensenter omkring i landet. I 2005 vart det fordelt 14 millionar i støtte til desse. Av dette kom 8 millionar frå Undervisnings- og forskingsdepartementet, mens 6 millionar kom frå Den kulturelle skolesekken. Det er ABM-utvikling som utfører sekretæroppgåvene for Vitensenterutvalet som er sett ned av Noregs Forskingsråd.

BRUDD

BRUDD er eit fleirårig museumsprosjekt om vanskelege og marginaliserte historier og om kritisk eller problemorientert formidling. Dei ni musea som deltek, har arbeidd vidare med prosjekta sine i 2005. I løpet av sommaren 2005 har deltakarane skrivne artiklar om sine røynsler så langt i prosjektet. Artiklane vil bli publisert i eit ABM-skrift.

Alle har rett. I november arrangerte ABM-utvikling konferansen *Alle har rett* kor det vart spurt om korleis det eigentleg står til med menneskerettane, minoritetsrettane og dei kulturelle rettane i abm-institusjonene. Gjennom konkrete døme og røynsler frå ulike prosjekt fokuserte konferansen på korleis abm-institusjonane kan synleggjere og ta tak i dei marginaliserte og vanskelege historiene. Den første dagen handla om dei nasjonale minoritetane; jødane, kvenane, rom, romanifolket og skogfinnane. Den andre dagen dreidde seg om andre typar marginaliserte historier kor røynsler frå fleire BRUDD-prosjekt vart presentert.

BRUDD har fått god mediedekning lokalt og nasjonalt i 2005. BRUDD starta i 2003 og vil halde fram i 2006.





Hot spot – ein formidlingsmetode



ABM-utvikling har i 2005 leia eit prosjekt om formidlingsmetoden Hot spot. Prosjektet rettar seg inn mot heile abm-sektoren.

Arkiv, bibliotek og museum kan nytte seg av Hot spot for å reagere raskt, gje informasjon og ta standpunkt til aktuelle hendingar og problemstillingar i samtida. Hot spot presenterer eit formidlingsverktøy som skal syne at abm-institusjonane er viktige samfunnsaktørar med noko å tilføre samfunnsdebatten. Målet er at arkiva, biblioteka og musea skal bli meir synlege og aktuelle, og at dei skal våge å ta opp tema sjølv om dei kan risikere å provosere. Eit viktig grep er å spisse budskapet og vinklinga.

Prosjektet ABM Hot spot er eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling og Fylkesarkivet for Vestfold, Norsk Folkemuseum, Maihaugen og Stavanger bibliotek. I løpet av 2005 lanserte alle kvar sin Hot spot. Stavanger bibliotek var først ute. I juni lanserte dei ein Hot spot med tittelen "Ta byrommet tilbake". Denne handla om mangel på styring av utsmykking av det offentlege rom i Stavanger. I november lanserte dei tre andre sine Hot spottar. Fylkesarkiv for Vestfold sette søkjelyset på bruk av polsk arbeidskraft og svart arbeid. Maihaugen fokuserte på familieløyndommar som incest, vold, sjalusi, fattigdom og sjukdom. Norsk Folkemuseum

valde "Homoekteskap" eller kjønnsnøytrale ekteskap som tema.

Alle Hot spottane vart godt vitja og fekk i varierende grad presseoppslag. Til dømes hadde reklamen for Fylkesarkivet i Vestfolds kampanje 50 000 treff på Tønsbergs Blads nettsider. I Stavanger førte Hot spotten til vedtak om politiske retningslinjer for utveljing og plassering av kunst.

Prosjektet blir vidareført i 2006 med alle dei fire institusjonane slik at dei får høve til å gjennomføre ein Hot spot til. Dette er naudsynt før ein kan trekke konklusjonar og lage ein rapport.

www.abm-utvikling.no 

